



Andre gongs høyring av retningslinjer for motorferdsel

Bakgrunn

Surnadal kommune sende retningslinjer for motorferdsel på høyring med frist 04.04.2025.

Forslaget bygde på dei tidlegare retningslinjene, men med ei auke i talet på turar for å transportere bagasje til eiga hytte – frå 12 til 15. Det vart òg foreslått at løyva skal gjelde i fem år, i staden for fram til neste revisjon av retningslinjene. Både auken i talet på turar og gyldigheita til løyva skulle ha tilbakeverkande kraft.

Det kom inn 47 innspel. Med unntak av to, var alle for å tildele uavgrensa tal turar for å frakte bagasje til eiga hytte. Mange ønskte òg at det berre skulle vere køyretidsavgrensingar frå kl. 23.00 til 06.00. Dei gjeldande retningslinjene har i dag avgrensingar frå kl. 22.00 til 07.00, og frå laurdag kl. 16.00 til søndag kl. 14.00. I tillegg er det fleire avgrensingar på heilagdagar.

Kommunedirektøren la fram forslag til retningslinjer for kommunestyret 8. mai. Bortsett frå nokre mindre liberaliseringar i køyretidsavgrensingane, var forslaget uendra samanlikna med høyringsutkastet.

Senterpartiet la fram eit eige forslag til nye retningslinjer med fleire endringar frå høyringsutkastet. Mellom anna inkluderte forslaget berre nattlege køyreavgrensingar og uavgrensa tal turar for å frakte bagasje til hytte. Senterpartiet sitt forslag fekk fleirtal med 15 mot 12 stemmer. På grunn av at det er vesentlege endringar, må forslaget sendast ut på ny høyring.

Under følgjer ei gjennomgang av skilnadene mellom det tidlegare forslaget og kommunestyret sitt nye forslag. Forslag som berre er gjentakning av lovverket vert ikkje tekne med her.

Personar med funksjonsnedsetjing

I det tidlegare høyringsforslaget stod det: «Det innvilgast uavgrensa turar pr. vintersesong til hytte ved varig funksjonsnedsetjing.»

I forslaget frå kommunestyret er dette endra til: «Dispensasjon kan givast for fritt tal turar med snøscooter frå parkering til eiga hytte, leigd hytte og/eller hytter i nær familie.» At ein endrar frå «Det innvilgast...» til «kan givast» må tolkast som at det i mindre grad vert tildelt uavgrensa med turar.

Retningslinjene hadde tidlegare òg med at personar med funksjonsnedsetjing kunne få løyve til å køyre til andre hytter i nærområdet, noko som var definert som innanfor 2,5 kilometer. Kommunestyret foreslår å fjerne dette. Det betyr ikkje nødvendigvis at det vert ei endring i praksis. Administrasjonen har framleis høve til å gi uavgrensa med turar og løyve til å køyre til andre hytter i samsvar med § 5 bokstav b. Det vert i større grad opp til administrasjonen å gjere ei avveging mellom fordelar og ulemper ved køyringa.

I dei nye retningslinjene frå kommunestyret er det foreslått at ein berre treng å sende inn legeerklæring éin gong. For å kunne få løyve som funksjonsnedsett må funksjonsnedsettinga vere varig. Det burde difor ikkje vere vanleg at den som har fått løyve, vert frisk. Dette inneber



likevel at ein må vere strengare på dette kriteriet, og ikkje gi løyve ved sjukdommar som i hovudsak er uhelbredelege, men der nokre likevel kan bli betre.

Transport av bagasje til eiga hytte

Dei gjeldande retningslinjene gjev høve til å få tolv turar for å transportere bagasje til eiga hytte eller til hytte eigd av nært familiemedlem. I det tidlegare høyringsutkastet vart det foreslått å auke dette til 15 turar. Forslaget frå kommunestyret opnar for uavgrensa tal turar.

Når transporten skal gå til eiga hytte eller til hytte eigd av nært familiemedlem, er det lettare å få dispensasjon enn ved andre føremål, som til dømes hytter eigd av vener eller fjerne slektningar.

I det tidlegare høyringsdokumentet finn vi den vidaste definisjonen av kven som reknast som nært familiemedlem. Det omfattar ektefelle, personar i opp- eller nedstigande slektsledd, og ektefellar til desse. Sambuarar og bonusbarn vert likestilte med høvesvis ektefelle og barn. I forslaget frå kommunestyret er ikkje foreldre lenger definert som nær familie. Dette kan skape utfordringar for dei som gjennomfører generasjonsskifte på hytta før foreldra har blitt for gamle til å vere der åleine. Det er uvisst kor mange dette vil avgrense. Frå før har det vore ein del protestar mot at søsken ikkje vert rekna som nær familie.

Kommunestyret foreslår òg at det ikkje lenger skal vere krav om å registrere turane. Med uavgrensa tal turar er det mindre behov for dette, sidan det ikkje er naudsynt for lovkontroll. Ei ulempe er likevel at ein mistar oversikta over omfanget av køyringa, særleg når det er snakk om uavgrensa turar. Dersom eit digitalt saksbehandlingssystem vert teke i bruk, kunne ein enkelt fått oversikt over belastninga på naturen ved å registrere kvar tur i ein app.

Transport av ved

Eiga ved kan transporterast til fast bustad utan løyve i samsvar med motorferdselsforskrifta. Å køyre ved andre stader, til dømes frå vedteig til hytte eller transport av andre enn grunneigarar, krev løyve.

I det nye forslaget til retningslinjer er det nemnt at vedtransport er eit kurant grunnlag for dispensasjon. Formuleringa er ny, men har inga praktisk betydning samanlikna med dagens ordning, då dette allereie har vore praktisert.

I mange år har retningslinjene i Surnadal lagt opp til at ein kan få løyve til å transportere ved til hytta i tre dagar. Transporten kan skje frå vedteig eller frå parkeringsplass. Kommunestyret foreslår å fjerne denne presiseringa. Som med personar med funksjonsnedsetjing, er ikkje dette nødvendigvis ei endring som vil påvirke praksisen direkte, men det gjev administrasjonen større rom for tolking og skjønn.



Køyring på barmark

Formuleringa i det tidlegare høyringsutkastet er: «Køyrertrasé må vere eigna for køyring slik at terrengskadar unngåast i så stor grad som mogleg.»

I det nye forslaget er dette stramma inn til: «Traséen det blir søkt om å køyre på, må vere eigna for køyring, til dømes oppgrusa sti, traktorveg eller liknande.» Det må difor vere etablert ein eller annan form for spor tilpassa terrenggåande motorkøyreretøy for å få løyve etter forslaget frå kommunestyret.

Tidsbegrensningar

Kommunestyret foreslår at dei einaste tidsavgrensingane for køyring skal vere frå kl. 23.00 til 06.00 alle dagar. Dei gjeldande retningslinjene har avgrensingar frå kl. 22.00 til 07.00 alle dagar, samt frå laurdag kl. 16.00 til søndag kl. 14.00. I tillegg har heilagdagar eigne avgrensingar.

I forslaget som vart lagt fram for kommunestyret, vart det òg foreslått at ein ved dårleg vêr kan fråvike tidsavgrensingane for å kome seg tilbake. Kommunestyret ønskjer ikkje at dette skal takast med i retningslinjene.

Dei gjeldande retningslinjene set ein sluttdato for motorferdsel for de fleste formåla på vinterføre til 20. april, eller andre påskedag dersom den fell etter 20. april. Føremålet med denne avgrensinga er å ta vare på dyrelivet i ein periode der fleire artar byrjar å få ungar.

Kommunestyret foreslår å forlenge perioden der det er lov å køyre til 1. mai.

Det er òg foreslått at perioden der helikoptertransport skal avgrensast, ikkje lenger skal vere frå 1. april til 15. juli, men frå 15. april til 1. juli.

Delegasjon

I det tidlegare høyringsutkastet vart det foreslått at behandling av søknader skulle delegerast til einingsleiar. I forslaget frå kommunestyret er det ikkje definert kven det skal delegerast til, berre at det skal delegerast til administrasjonen.